

Idrettsskule tre dagar til ende

HaNo FK arrangerte idrettsskule dei tre påfølgjande dagane etter skule-slutt i år. Over 90 (!) unge i alderen 7-15 år var med, og fjøsa deira var ikkje til å ta feil av—dette vart ein suksess!

Nordøyhallen, Haramsøy gras og anlegget rundt blei arena for idrettsskulen. For å få til gode og varierte aktiviteter trengte vi og leiarar, og rundt 20 stk kvar dag stilte opp som kjøkenhjelparar (frukost, frukt og varm lunsj), instruktørar og medhjelparar.

Tusen takk til alle som stilte opp! - Viss det ikkje blir idrettsskule neste år, leverer vi inn protest, var dommen frå ein kar, og det må vi ta som eit godt teikn.
Foto: Hege S. Ravnestad og Haramsnytt.



Stor aktivitet i HaNo— Takk til alle som stiller opp

Idrettsskule, seriekampar, treningar, øyacup, HaNo-dagarkomite, mobilreturkampanje, trenarskifter må ordnast, banenemnd, kiosknemnd, dommarar, lagleiarar og trenarar i full swing... Slik kunne vi halde på i lang tid å nemne kva som skjer i klubben berre i desse dagar.


Vi vil berre takke alle som stiller opp for å skape positiv aktivitet for unge og gamle her ute på øyane våre. Dykk gjer ein kjempeinnsats!

Og vi håper på positive tilbakemeldingar og velvilje når vi no sender ut lister med hjelp vi treng til øyacup, båtvask i søvika i august og HaNo-dagar i september.

Våre hovudsponsorar



SPAREBANKEN MØRE



FARSTAD



Rolls-Royce



HaNo—Nytt juli 2011

Nr 3 2011
Utgjevar: Styret



Øya-cup 9.-10.juli på Nordøy stadion

HaNo—Nytt juli 2011:


- Øyacup på Nordøy stadion
 - Mobilreturkampanje!
 - Flott HaNo-skjerf!
 - Idrettsskule
 - Stor aktivitet i klubben
- www.hanofk.no

Tradisjonen tru er det Øya-cup for seniorar i juli. I år er det HaNo FK som er arrangør, og det heile skal gå føre seg på Nordøy stadion og grendahus neste helg, 9.-10. juli. Kampoppsettet for turneringa på neste side, der HaNo stiller lag i både dame- og herreklassen.

Velkommen til kjekk og sosial fotballfest på Nordøy stadion!
(meir om Øyacup på www.hanofk.no)

Nytt HaNo-skjerf!

Som du ser på biletet, har HaNo no fått sine nye flotte skjerf. Vinnaren av designkonkurransen var Trond Ravnestad, som sjølv sagt har mottatt det første. Dette flotte skjerfet blir ditt om du kjøper det for kun kr. 100,- i kiosken på alle HaNo-kampar, pluss på Øya-cup og HaNo-dagane sjølv sagt. Løp og kjøp!



Håkon L. Haram og Robin V. Haram poserer med det flotte plagget etter onsdagens herretrening.

Øyacup

Puljeoppsett

Damelag		Herrelag	
<u>D1</u>	<u>D2</u>	<u>H1</u>	<u>H2</u>
HaNo	Lepsøy	HaNo	Fjørtoft
Norborg	Brattvåg	Harøy	Norborg
Fjørtoft	HaNo All Star	Ellingsøy	Lepsøy

Laurdag 9. juli

Kl	Pulje	Lag
10	H2	Norborg- Lepsøy
11	D1	HaNo- Norborg
11	D2	Brattvåg- Lepsøy
12	H1	Ellingsøy-HaNo
13	D1	Norborg- Fjørtoft
13	D2	Lepsøy- HaNo All Star
14	H2	Fjørtoft-Norborg
15	H1	Harøy-Ellingsøy
16	D1	HaNo- Fjørtoft
16	D2	Fjørtoft- Brattvåg
17	H1	Harøy-HaNo
18	H2	Lepsøy-Fjørtoft

Søndag 10.juli

Kl	Lag
12	Jumbofinale herrer
13	Jumbofinale damer
13	Bronsefinale damer
14	Bronsefinale herrer
15	Finale damer
16	Finale herrer

Grasrotandelen

Vi minner om at du kan hjelpe HaNo FK på ein enkel måte, gjennom å vere grasrotandel-spelar på lag med oss! 9815 54736 er HaNo sitt org.nummer dersom du vil registrere spelekortet ditt hos Norsk Tipping på HaNo FK.



Støtt oss med DIN grasrotandel
Ved å tilknytte oss som din grasrotmottaker, vil vi få 5 prosent av det du spiller for hos Norsk Tipping. Klikk her for å lese om hvordan du tilknytter deg.



Mobilreturkampanje

Nasjonal innsamling av brukte mobilar i ditt nabolag



brukt mobil
nye muligheter

Din gamle mobil blir resirkulert på ein sikker og miljøvennleg måte, og gir no nye mulegheter. I tillegg bidrar du til 35 kroner pr mobil i klubbkassa til HaNo FK.

For meir informasjon om Telenors returordning, sjå på www.telenor.no/gjenbruk.

Husk å ta ut SIM kort frå din mobil før du leverer den i innsamlingsposen. Dersom det er attståande informasjon på mobilen så vil Telenor gjennom sin sertifiserte returpartnar slette all attståande informasjon og destruere minnekort på mobilen.

Vi har ein tydeleg merka og spesialdesigna pose for innsamling av mobilar, slik at du kan vere trygg på at din mobil blir handtert på ein forsvarleg måte.

Ver med på eit løft for miljøet ved å finne fram dine brukte mobilar til den nasjonale dugnaden som du kan vere med på no i sommar !

